

ULVIK HERAD
Viltnemnda i Ulvik



Møteprotokoll

Sakene:

Møtedato: 16.10.2025

Møtetid: kl. 13:00

Møtestad: Møterom Finse

Fylgjande medlemmer møtte:

Ronny Lunestad

Per-Are T. Halstensgård

Sunniva Måneulv Sæterdal

Sjur Rondestveit

Parti

AP

SP

SV

V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Aun Egil Vikør

Parti

H

Merknader:

Underskrifter:

Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 25.06.2026

Medlem

Leiar

Medlem

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
PS-011/25	Meldingar
PS-012/25	Godkjenning av møteprotokoll
PS-013/25	Hummarfreding
PS-014/25	Ny strategi for forvaltning av hjortevilt
PS-015/25	Ymse til diskusjon i viltnemnda 16.10.2025

011/25: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

16.10.2025 Viltnemnda i Ulvik

VIL - 011/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

012/25: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent.

16.10.2025 Viltnemnda i Ulvik

VIL - 012/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent.

013/25: Hummarfreding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilråding til Ulvik heradsstyre:

Ulvik herad ber Fiskeridirektoratet vidareføre dagens ordning med forbod mot fiske med teiner og ruser langs heile sjølinja i Ulvik ned til 50 meters djup i ytterlegare 10 år (eller fram til Ulvik herad eventuelt fattar nytt vedtak i saken).

16.10.2025 Viltnemnda i Ulvik

Me har i dag lite konkret kunnskap om hummarbestanden i Indre Hardanger/Ulvik, og kunnskapen er ikkje nemneverdig betre no enn då fredinga vart innført. Viltnemnda ynskjer betre kunnskap om den lokale hummarbestanden, og føreslår dette som eit mogeleg prosjekt for Produksjonsskulen. Prosedyre og eventuell dispensasjon for prøvefiske må undersøkjast med Fiskeridirektoratet. Sekretæren undersøkjer saken vidare.

VIL - 013/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Tilråding til Ulvik heradsstyre:

Ulvik herad ber Fiskeridirektoratet vidareføre dagens ordning med forbod mot fiske med teiner og ruser langs heile sjølinja i Ulvik ned til 50 meters djup i ytterlegare 10 år (eller fram til Ulvik herad eventuelt fattar nytt vedtak i saken).

014/25: Ny strategi for forvaltning av hjortevilt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik herad ved Ulvik viltneimnd tek direktoratet sitt utkast til ny nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt til orientering. Strategien lyftar mange viktige problemstillingar, som sikkert er nokolunde dekkjande for det nasjonale utfordringsbildet dei neste fem åra.

Viltneimnd er likevel litt skeptisk til tanken om «grenselaus forvaltning». Førre runde med bestandsplanområde var ingen udelt suksess. Meir dialog og samarbeid på tvers av vald- og kommunegrenser kan vere bra. Men meir sentralisering må ikkje bli eit mål i seg sjølv. Større avstand mellom rettshavarane og forvaltninga gagnar verken hjorteviltet eller forvaltninga.

Lokalt har me dei siste åra hatt størst utfordringar med bestandsreduksjon/-kontroll for å redusere risikoen for spreining av skrantesjuka og førebygge skade på frukthagar og anna landbruksareal. Vilt påkøyrslar, jegerrekruttering, mangelfullt kart- og kunnskapsgrunnlag, samt ulike samarbeidsutfordringar på grunneigarsida er andre tema som jamleg dukkar opp.

16.10.2025 Viltneimnda i Ulvik

VIL - 014/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad ved Ulvik viltneimnd tek direktoratet sitt utkast til ny nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt til orientering. Strategien lyftar mange viktige problemstillingar, som sikkert er nokolunde dekkjande for det nasjonale utfordringsbildet dei neste fem åra.

Viltneimnd er likevel litt skeptisk til tanken om «grenselaus forvaltning». Førre runde med bestandsplanområde var ingen udelt suksess. Meir dialog og samarbeid på tvers av vald- og kommunegrenser kan vere bra. Men meir sentralisering må ikkje bli eit mål i seg sjølv. Større avstand mellom rettshavarane og forvaltninga gagnar verken hjorteviltet eller forvaltninga.

Lokalt har me dei siste åra hatt størst utfordringar med bestandsreduksjon/-kontroll for å redusere risikoen for spreining av skrantesjuka og førebygge skade på frukthagar og anna landbruksareal. Vilt påkøyrslar, jegerrekruttering, mangelfullt kart- og kunnskapsgrunnlag, samt ulike samarbeidsutfordringar på grunneigarsida er andre tema som jamleg dukkar opp.

015/25: Ymse til diskusjon i viltnemnda 16.10.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vurderast i møte.

16.10.2025 Viltnemnda i Ulvik

Gås: Arnt Inge (AI) har gjort ein betydeleg innsats for viltnemnda med uttak av gås dei siste åra. Han bør få litt kompensasjon for medgått tid og utgifter han har hatt i samband med dette. Det kommunale viltfondet kan dessverre ikkje nyttast til dette føremålet. Men Ulvik herad har innført skotpremie på kanadagås, og AI bør i det minste få utbetalt skotpremie for kanadagåsa han har tatt ut dei siste par åra (ca. 20 stk.).

Teljande areal: Ulvik herad sitt kart over teljande areal, vald og jaktfelt er gammalt og treng oppdatering. Viltnemnda har diskutert saken fleire gongar tidlegare, seinast i desember 2022. Men kartlegging av teljande areal som ikkje er matrikulert er ikkje heilt beint fram. Arbeidet bør gjennomførast med ein presisjon og kvalitet som kan stå seg over tid. Viltnemnda disponerer ikkje midlar til finansiering av eit slikt arbeid.

Nemnda er dessutan kjent med Landbruksdirektoratet og Kartverket jobbar med å lage ein ny nasjonal kartløyning for jaktforvaltninga. Prosjektet vart starta opp under Miljødirektoratet, men er no overført til Landbruksdirektoratet. Prosjektet er fortsett i ein tidleg fase. Lanseringsdato er enno ikkje kjent, men dersom viltnemnda no sett i gang med oppdatering av jaktforvaltningskartet risikerer me unødvendige utgifter, bortkasta tid og dobbelt arbeid.

Eventuell usemje om rettingsegrensar på grunneigarsida bør også avklarast privat eller eventuelt gjennom jordskifteretten før heradet reviderer kartet.

Viltnemnda meiner difor det er hensiktsmessig å vente på ny nasjonal kartportal for jaktforvaltninga, før ein setjar i gang med oppdatering av jaktforvaltningskartet for Ulvik.

Fråvik minsteareal: Me har dei siste to åra nytta regelen om mellombels fråvik for minstearealet for hjort. Fråviksregelen kan nyttast maksimalt 3 år på rad. Bestandsplanen for Ulvik bestandsplanområde skal rullerast til våren. Nye/endra føringar for bestandsforvaltninga bør vedtakast seinst ila februar 2026. Viltnemnda bør alt no begynne å tenke på vegen vidare, og eventuelt begynne å hente inn synspunkt på saken frå grunneigarsida før neste møte.

Andre ting: Det er registrert 3 stk. fallvilt no i haust (1 rev og 2 hjort).

VIL - 015/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Gås: Arnt Inge må få utbetalt skotpremie for 20 stk. kanadagås. Sekretæren følgjar dette opp med Tenestetorget/Økonomikontoret.

Teljande areal: Viltnemnda vil vente på ny nasjonal kartportal for hjorteviltforvaltninga før ein setjar i gang arbeid med oppdatering av det teljande arealet.

Fråvik minsteareal: Ulvik viltnemnd ber hjortevalda om synspunkt på bestandsstorleik og høveleg minsteareal før neste møte. Sekretæren sender ut e-post i samråd med leiaren i nemnda.